

# Skjema 41 Private spesialistar med driftsavtale

Kontakt SSB e-post: [spesialisthelsetjenesten@ssb.no](mailto:spesialisthelsetjenesten@ssb.no)

## Korleis nyttar vi tala?

1. Data som vert samla inn i skjemaet vert nytta som grunnlag for [SSB Statistikk Spesialisthelsetjenesta](#).

Her finn ein tabellar under tre hovudtema:

- 1) Rekneskap
- 2) Personell
- 3) Aktivitetar og tenester

Hovudkjelde for 1) er funksjonsfordelte resultatrekneskap frå helseføretak (HF) og regionale helseføretak (RHF), utdrag frå resultatrekneskap for private institusjonar, kontantstraumoppstilling og balanserekneskap for HF og RHF.

Hovudkjelde for 2) er data rapportert på verksemdsnivå til A-ordninga. Dette vert supplert med rapportering frå regionale helseføretak av avtalar som er inngått med private avtalespesialistar.

Hovudkjelder for 3) er kapasitetsdata frå SSBs statistikkskjema som er supplert med aktivitetsdata som er rapportert til Norsk pasientregister (NPR).

Data som vert rapportert i skjema 41 vert nytta i disse tabellane:

[13953: Årsverk i spesialisthelsetjenesten, etter yrke, tjenesteområde og helseforetak](#)

[13954: Årsverk i spesialisthelsetjenesten, etter utdanning, tjenesteområde og helseforetak](#)

[14080: Årsverk for legespesialister i spesialisthelsetjenesten, etter spesialitet, tjenesteområde og helseforetak](#)

2. Data som vert samla inn vert nytta til analyse i SSB og andre institusjonar.

## Rapportering i skjemaet

### Spesialiteter

I skjemaet skal spesialistane grupperast etter følgjande spesialitetar:

[Kodeliste for spesialiteter for avtalespesialistene \(innsamling\)](#)

### Tilskotsklassar

Avtalene skal òg grupperast etter kva tilskotsklasse dei høyrer til. Helseføretaka yter driftstilskot til legar med avtale om spesialistpraksis etter følgjande skala:

Klasse	Beløp per år (fra 1.7.2023)
1	kr 1 093 100
2	kr 1 270 150
3	kr 1 627 900

